



Arkivnr: 2017/2682-79
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		15.03.2018

Eldrerådskonferansen 2018 - konferansen for dei kommunale eldreråda, forslag til tema, vidare planlegging

Samandrag

Det vert vist til PS sak 8/18 i møte den 11.01.2018, Eldrerådskonferansen 2018, konferansen for dei kommunale eldreråda, forslag til tid, stad og tema. Eldrerådskonferansen for dei kommunale eldreråda i Hordaland 2018 er fastsett til den 6.- 7. november 2018.

Konferansen er under planlegging. Konferansen vil finne stad på Hotel Scandic Neptun i Bergen.

Det vert vist til protokoll frå møte den 11.01.2018:

«Fylkeseldrerådet vart samd i å arrangere den årlege eldrerådskonferansen 6.-7. november 2018. Sekretariatet vil sende førespurnad til følgjande avtalehotell: Grand Hotell Terminus, Scandic Ørnen og Hotell Norge (dersom dei er med i avtalen).

Eit tema vil vere: Ernæring: Erfaring med felles storkjøkken eller eiga kjøkken på institusjonar. Inger Sjong tar kontakt med Bergen kommune v/Liv Breistein og førespør om ho kan ha ei orientering på neste rådsmøte.

Odd Himle sjekkar kontaktperson når det gjeld medisinsk område.»

På møtet den 15.03.2018 vert medlemmane av fylkeseldrerådet bedt om å kome med fleire forslag til tema for konferansen.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til fleire tema for eldrerådskonferansen 2018.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
Jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.